

## 7. Festivalar

### 7.1. Nokre resultat


Festivalar er viktige arenaer for formidling og oppleving av kunst og kultur og set sitt preg på Kultur-Noreg. Dei representerer fleire ulike sjangrar. Særleg er musikkfestivalar ein stor og viktig arena for musikklivet i Noreg. Det er vanskeleg å talfeste festivalmangfaldet, både når det gjeld innhald, aktørar, tilslutning og økonomi. Mange festivalar er små lokale hendingar som i stor grad baserer seg på frivillig medverknad og lokalt initiativ. Det er difor vanskeleg å få dei med i nokon statistikk. Tilskotsordninga som Norsk kulturråd forvaltar for musikkfestivalar, har gitt ei viss oversikt sidan ordninga starta i 2001. I tillegg gir organisasjonen Norske Festivaler nokre nøkkeltal for medlemmene sine.

*32,8 millionar til musikkfestivalar*

Festivaltilskotsordninga er ei viktig tilskotsordning for musikkfestivalar som vert arrangerte årleg eller annakvart år, og som varar minst to dagar. I 2011 fekk 99 musikkfestivalar tilskot frå denne ordninga. Festivalstøtta til desse 99 festivalane var på til saman 32,8 millionar kroner. Det var fire færre festivalar enn i 2010 som fekk tilskot, og samla tilskot var 1,2 millionar kroner høgare. Sidan ordninga starta i 2001, har talet på musikkfestivalar som får støtte, auka kvart år, bortsett frå i 2003, 2008 og 2011. Ni festivalar fekk festivaltilskot for første gong i 2011. Blant desse festivalane som er nye i ordninga i 2011, er fire innanfor populærmusikk. I tillegg kom det med ein ny festival både i sjangeren jazz og improvisert musikk og i området utan klar tilknytning til sjanger, dessutan tre nye festivalar i sjangeren folkemusikk/verdsmusikkfestivalar (Norsk Kulturråd 2010).

Sjangeren populærmusikk er representert med flest festivalar innanfor tilskotsordninga. 41 slike festivalar fekk til saman 7,7 millionar kroner i støtte i 2011. Gjennomsnittleg støtte per populærmusikkfestival var 186 000 kroner i 2011, mot 170 000 kroner i 2010. 20 jazzfestivalar og 16 folkemusikkfestivalar fekk tilskot frå festivaltilskotsordninga, med til saman 15 millionar kroner. Dei 20 jazzmusikkfestivalane som fekk støtte i 2011, fekk i gjennomsnitt 495 000 kroner per festival, om lag 50 000 mindre enn i det føregåande året. Den største samla tilskotauken fekk sjangeren folkemusikk/verdsmusikk med 700 000 meir enn året før. Dei fekk dermed i gjennomsnitt 325 000 kroner per festival, som innebar om lag 44 000 meir enn året før. Nokre av kategoriane er vanskelege å samanlikne da nokre festivalar skiftar kategori frå eitt år til eit anna. I 2009 blei det skipa ein ny kategori for festspel utan klar tilknytning til sjanger.

**Figur 7.1. Tilskot til musikkfestivalar. Gjennomsnitt per festival, etter kategori. 2001-2011. Kroner**



Kjelde: Norsk kulturråd.

*Knutepunktfestivalane – 67 millionar kroner i støtte*

Heller ikkje i 2011 var det nokon endringar i talet på knutepunktfestivalar. Det var såleis framleis elleve festivalar som blei rekna som knutepunktfestivalar. Desse festivalane får statleg støtte over Kulturdepartementets budsjett. Til saman fekk desse elleve festivalane nær 67 millionar kroner i støtte i 2011. Sjå også kapittel 6, tabell 6.2. Nær 1 360 arrangement blei gjennomførte av knutepunktfestivalane i 2011. Dette er nokre færre arrangement enn førre året, hovudsakleg på grunn av at Melafestivalen avlyste dei fleste arrangementa sine i samband med 22. juli. På billetterte arrangement var det 231 400 publikumarar, om lag 13 000 færre enn året før og 28 000 færre enn toppåret 2009.

**Tabell 7.1. Knutepunktfestivalar. Tal på arrangement og publikum på billetterte arrangement<sup>1</sup>. 2007-2011**

	Arrangement					Tal på publikum på billetterte arrangement				
	2007	2008	2009	2010	2011	2007	2008	2009	2010	2011
<b>I alt</b> .....	<b>982</b>	<b>1 697</b>	<b>1 542</b>	<b>1 533</b>	<b>1 359</b>	<b>183 304</b>	<b>250 792</b>	<b>259 285</b>	<b>244 242</b>	<b>231 379</b>
Festspillene i Bergen .....	275	327	266	130	166	33 401	32 035	33 813	35 559	32 770
Festspillene i Elverum .....	45	42	48	48	43	10 150	8 740	7 900	8 500	7 500
Festspillene i Nord-Norge .....	150	193	249	311	232	16 023	24 518	34 704	24 999	19 299
Førde Internasjonale Folkemusikk-festival .....	98	102	97	86	81	13 000	13 000	14 000	14 000	13 980
Molde International Jazz Festival .....	136	132	74	75	66	29 889	30 173	34 132	27 812	29 743
Notodden Blues Festival .....	80	95	95	95	93	23 000	16 668	19 500	15 300	17 500
Olavsfestdagene i Trondheim .....	116	291	208	189	258	46 179	48 958	37 347	42 400	36 818
Riddu Riddu Festivala .....	-	-	82	97	73	-	-	4 385	1 478	1 246
Mela/Stiftelsen Horisont <sup>2</sup> .....	-	127	83	132	17	-	-	-	-	-
Ultima - Oslo Contemporary Music Festival .....	82	128	64	78	62	11 662	14 370	8 240	5 268	3 999
Øyafestivalen .....	-	260	276	292	268	-	62 330	65 264	68 926	68 524


<sup>1</sup> For enkelte institusjonar kan talet inkludere formidling i samarbeid med andre kulturaktørar. <sup>2</sup> Alle arrangementa under Melafestivalen var gratis for publikum. Totalt tal på publikum i 2008 var stipulert til om lag 350 000, i 2009 og 2010 var talet på publikum stipulert til om lag 300 000. I 2011 blei dei fleste arrangementa avlyste på grunn av terrorhandlingane 22. juli. Totalt publikum på den delen som blei gjennomført er stipulert til 80 000. Kjelde: Kulturdepartementet.

*Norske Festivaler – 1 million festivalbesøk*

Nøkkeltala frå Norske Festivaler dekkjer 51 medlemsfestivalar som har hatt festival i 2011, og som har rapportert tal. Fleire av medlemsfestivalane får støtte av festivaltilskotsordninga i Norsk kulturråd, og nokre er også knutepunktfestivalar. Resultatet deira inngår difor også i talmaterialet ovanfor. 82 ulike kulturfestivalar og festspel var medlemmer i Norske Festivaler i 2011, to færre enn året før. Førrelse tal viser at desse 51 festivalane som har rapportert for 2011, hadde til saman litt over 1 million besøk. Dette gir eit gjennomsnitt på litt under 20 000 besøk per festivalorganisasjon. Mela hadde om lag 320 000 færre besøk enn året før. Mela 2011 var planlagt som ein firedagarsfestival, frå torsdag 26. til søndag 29. juli, men på grunn av 22. juli vart festivalen omgjort til ei minnesmarkering på fredag 29. juli. Dette førte til at langt færre artistar, frivillige og publikum deltok. I tillegg hadde Olavsfestdagene og Filmfestivalen i Haugesund stor nedgang, høvesvis 68 000 og 16 000.

Om lag 10 000 kunstnarar og artistar medverka til at festivalane blei fine kulturopplevingar for mange menneske. Nær 9 000 medarbeidarar gjorde ein frivillig innsats på desse 51 festivalane i 2011. Bruttoomsetninga i 2011 var på drygt 360 millionar kroner, rundt 30 prosent av dette var statlege tilskot. Billettinntektene utgjorde 22 prosent, mens sponsormidlar utgjorde 17 prosent av inntektene. 19 prosent av inntektene var regionale og lokale tilskot.

Figur 7.2. Norske Festivaler. Talet på festivalar som er medlemmer, etter kategori. 2004-2011




Kjelde: Norske Festivaler.

*Flest på pop- og rockfestivalar*

Det har ikkje vore kulturbruksundersøkingar sidan 2008. Detaljerte tal frå denne og tidlegare undersøkingar er presenterte i kulturstatistikk 2008 og 2009.

Figur 7.3 gir eit bilete av kor mange prosent som hadde vore på ulike sjangrar innanfor musikkfestivalar sist dei var på ein kulturfestival, i 2008.

Figur 7.3. Personar som har vore på ulike typar arrangement sist dei var på kulturfestival. 2008. Prosent



Kjelde: Norsk kulturbarometer 2008, Statistisk sentralbyrå.

## 7.2. Om statistikken – festivalar

*Tilskotsordninga for musikkfestivalar*

Norsk kulturråd forvaltar gjennom tilskotsordninga midlar til musikkfestivalar. Tilskot blir gitt til musikkfestivalar som blir arrangerte årleg eller annakvart år, som går over minst to dagar, og som får offentleg tilskot frå eigen region. Tilskotsordninga har som føremål å halde i gang og vidareutvikle festivalar på eit høgt kunstnarisk og profesjonelt nivå, gjere sitt til at musikk kan bli tilgjengeleg for eit breitt publikum, stimulere til kunstnarisk fornying, fremje bruken av samtidsmusikk og formidle musikk til barn og unge (Norsk kulturråd).

Oversikta over tildelingane for 2011 er henta frå Norsk kulturråd sine heimesider på Internett ([www.kulturrad.no](http://www.kulturrad.no)).

#### *Knutepunktfestivalane*

Festivalane i tabell 7.1 er dei som har fått status som knutepunktinstitusjonar, og får løyvingar over Kulturdepartementets budsjett, kapittel 323, post 72.

#### *Norske Festivaler*

Norske Festivaler er ein sjangerovergripande paraply- og nettverksorganisasjon for norske kunst- og kulturfestivalar og festspel. Organisasjonen ønskjer å vere ei samlande eining for alle kulturfestivalane i Noreg, også for dei festivalane som ikkje har sin eigen sjangerspesifikke organisasjon. Norske Festivaler gjennomfører kvart år ei undersøking blant medlemsorganisasjonane sine. Av dei 82 medlemsorganisasjonane har 51 organisasjonar rapportert i 2011. Talet på medlemsorganisasjonar har minka med to frå 2010. Talet på organisasjonar som har rapportert, er fire færre enn året før, og ein kan ikkje seie om det er dei same organisasjonane. Ein bør derfor vere varsam med for bastante samanlikningar frå år til år.

#### *Kulturbruksundersøkingane*

Statistisk sentralbyrå gjennomfører kvart fjerde år ei utvalsundersøking, der personar i alderen 9-79 år blir spurde om bruken av ulike kulturtilbod. Siste tilgjengelege resultat er publisert i Norsk kulturbarometer 2008. Undersøkinga i 2004 var første gongen spørsmålet om deltaking på kulturfestival var med. Tal for 2012 vil bli publiserte i 2013.

#### **Referansar**

Norsk Kulturråd (2010): «33 millioner til 99 festivaler», Pressemelding 16.12.2010. ([http://www.kulturrad.no/presse\\_og\\_arkiv/pressemeldinger/33-millioner-til-99-festivaler/](http://www.kulturrad.no/presse_og_arkiv/pressemeldinger/33-millioner-til-99-festivaler/))

Norske Festivaler: (<http://www.norwayfestivals.com>)

#### **Meir informasjon**

Statistisk sentralbyrå (2012) *Kulturstatistikk 2010*, Statistiske analysar 127. (<http://www.ssb.no/publikasjoner>)

Statistisk sentralbyrå (12. september 2008): «Mange medlemmer, færre aktive». (<http://www.ssb.no/orgakt/arkiv/art-2008-09-12-01.html>)

Vaage, Odd Frank (2009): *Norsk kulturbarometer 2008*, Statistiske analysar 107, Statistisk sentralbyrå. (<http://www.ssb.no/kulturbar>)

Vaage, Odd Frank (2009): *Kultur- og mediebruk blant personer med innvandrerbakgrunn*, Rapportar 2009/29, Statistisk sentralbyrå.

([http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp\\_200929](http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_200929))

Vaage, Odd Frank (2010): *Oslo-befolkningens bruk av kulturtilbud*, Rapportar 2010/17, Statistisk sentralbyrå.

([http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp\\_201017/rapp\\_201017.pdf](http://www.ssb.no/emner/07/02/rapp_201017/rapp_201017.pdf))

Tabell 7.2. Utdelinger til musikkfestivalar, etter kategori. Talet på festivalar og tilskot. 2003-2011. 1 000 kroner

	2003		2005		2007		2009		2010		2011	
	Talet på festi- valar	Tilskot, 1 000 kr	Talet på festi- valar	Tilskot, 1 000 kr	Talet på festi- valar	Tilskot, 1 000 kr	Talet på festi- valar	Tilskot, 1 000 kr	Talet på festi- valar	Tilskot, 1 000 kr	Talet på festi- valar	Tilskot, 1 000 kr
<b>I alt</b> .....	<b>40</b>	<b>20 780</b>	<b>59</b>	<b>23 865</b>	<b>80</b>	<b>28 650</b>	<b>98</b>	<b>30 012</b>	<b>103</b>	<b>31 550</b>	<b>99</b>	<b>32 750</b>
Festspel .....	6	4 150	6	4 300	6	3 750	3	3 150	3	3 350	3	3 450
Folkemusikk .....	5	2 875	6	1 850	10	3 050	12	3 850	16	4 500	16	5 200
Jazz .....	7	4 800	11	5 900	16	7 350	18	9 300	17	9 450	20	9 900
Klassisk/kammermusikk .....	8	3 500	10	4 600	11	5 125	10	2 300	9	2 300	8	2 450
Kyrkjemusikk .....	2	750	4	1 450	4	1 850	4	1 700	3	1 650	3	1 750
Populærmusikk .....	9	3 655	19	4 415	28	6 125	41	7 250	45	7 650	41	7 650
Samtidsmusikk .....	3	1 050	3	1 350	5	1 400	4	1 650	6	1 900	4	1 700
Festspel utan klar sjangertilknøying .....	-	-	-	-	-	-	6	812	4	750	4	650

Kjelde: Norsk kulturråd.

Tabell 7.3. Hovudtal frå medlemmer av Norske Festivaler. Rapporterte tal<sup>1</sup>. 2005-2011

	2005 <sup>2</sup>	2006 <sup>3</sup>	2007 <sup>4</sup>	2008 <sup>5</sup>	2009 <sup>6</sup>	2010 <sup>8</sup>	2011 <sup>9</sup>
Omtrentlege besøkstal .....	1 058 737	1 065 729	1 192 823	1 454 687	951 443	1 366 453	1 004 971
Talet på artistar, kunstnarar .....	13 165	13 729	15 286	13 227	.	11 624	10 238
Talet på framsyningar .....	3 444	2 711	4 160	4 792	.	.	3 923
Talet på frivillige .....	9 560	9 800	9 979	9 461	8 920	7 320	8 870
Total omsetnad. 1 000 kroner ..	252 368	283 000	315 977	347 973	.	331 584	366 076
Statlege tilskot. 1 000 kroner ..	48 327	57 608	72 672	99 102	60 913	110 616	108 003
Kulturdepartementet .....	:	:	50 405	70 707	48 538	83 312	75 761
Norsk kulturråd .....	:	:	22 267	28 395	12 375	12 361	22 845
Andre nasjonale tilskot. 1 000 kroner .....	:	:	10 896	17 168	7 462	14 943	15 639
Andre tilskot <sup>7</sup> . 1 000 kroner .....	42 120	50 163	54 589	70 243	41 395	70 123	67 855
Sponsormidlar .....	:	:	63 315	71 044	45 080	68 416	60 860
Billettinntekter .....	:	:	89 747	84 094	76 500	82 429	79 914

<sup>1</sup> Førebels tal. <sup>2</sup> Rapporterte tal frå 33 av medlemsfestivalane. <sup>3</sup> Rapporterte tal frå 56 medlemsfestivalar som har hatt festival i 2006. <sup>4</sup> Rapporterte tal frå 60 medlemsfestivalar som har hatt festival i 2007. <sup>5</sup> Rapporterte tal frå 62 medlemsfestivalar som har hatt festival i 2008. <sup>6</sup> Rapporterte tal frå 55 medlemsfestivalar som har hatt festival i 2009. <sup>7</sup> Regionale og lokale tilskot (regionråd, fylke, kommune etc.) <sup>8</sup> Rapporterte tal frå 55 av dei 84 festivalane som blei arrangerte i 2010. <sup>9</sup> Rapporterte tal frå 51 av dei 82 festivalane som blei arrangerte i 2011.

Kjelde: Norske Festivaler.